

Lover og retningslinjer for Nærbø Misjonsforsamling (pr.22.mars 2016)

§ 1.1 Namn

Misjonsforsamlinga sitt namn er Nærbø Misjonsforsamling.

§ 1.2 Arbeidsområde

Misjonsforsamlinga sitt arbeidsområde er Nærbø og omegn.

§ 2.0 Vedkjenning og tilhøyrslø

Misjonsforsamlinga står tilslutta Norsk Luthersk Misjonssamband – region Sørvest og er dermed forplikta på Den Heilage Skrifta, den evangelisk lutherske kyrkja si vedkjenning og grunnreglane for NLM.

§ 3.0 Formål

3.1

Misjonsforsamlinga sitt formål er å arbeide for Guds rike i Noreg og på Misjonssambandet sine misjonsfelt, i samsvar med regionslovane og NLM sine grunnreglar.

3.2

For å verkeleggjere dette (3.1) vil me setje fokus på følgjande:

- Regelmessig møteverksemd med tilbod til alle aldersgrupper
- Utadretta verksemd i nærmiljøet for å vinne menneske for Jesus
- Forkynning av Guds Ord til vekking, omvending, frelse og kall til teneste.
- Tilrettelegging for systematisk bibelundervisning
- Informasjon om NLM sitt misjonsarbeid
- Nådegåvebasert teneste
- Gjevarteneste
- Fellesskap, forbøn og omsorg
- Nattverdmøter og høve for dåp
- Styrking av foreiningar og grupper
- Danning av nye foreiningar og grupper
- Trusopplæring for born, ungdom og vaksne
- Gje høve til konfirmasjon
- Leiartrening

§ 4.0 Medlemskap

Medlemskap i misjonsforsamlinga kan teiknast av personar som:

- Vedkjenner seg til den kristne trua
- Vil arbeide på det læremessige grunnlaget og etter dei formål og vedtak som kjem til uttrykk i grunnreglane for NLM og misjonsforsamlinga sine lover
- Betaler medlemskontingent

§ 5.0 Årsmøte

5.1

Årsmøtet vert halde så tidleg som mogleg på nyåret, seinast innan utgangen av mars.

5.2

Stemmerett på årsmøtet har alle medlemmer som har fylt 15 år (Sjå § 4.0: Medlemskap)

5.3

Årsmøtesaker:

1. Årsmelding frå styret
2. Kort orientering om arbeidet frå tilslutta lag
3. Rekneskap for misjonsforsamlinga
4. Val av vekselvis 2 eller 3 faste medlemmer, samt 2 vara medlemmer til styret
5. Val av ein revisor
6. Annakvart år blir det valt ein representant og ein vararepresentant til bedehusstyret
7. Val av eitt medlem til valnemnd
8. Samtale om arbeidet i året som gjekk og drøfting av visjon, målsetjing og arbeidsplan for arbeidet framover

5.4

Saker som skal handsamast på årsmøtet må vere kunngjort på forsvarleg måte og minst 1 månad før årsmøtet skal haldast. Saker som medlemmer fremmar seinare eller på sjølve årsmøtet må ha 2/3 fleirtal for å bli vedtekne.

§ 6.0 Styret

6.1

- Misjonsforsamlinga blir leia av eit styre på 5 medlemmer, og består av leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og vanlege medlemmer.
- Fleirtalet av styremedlemmene skal vere menn.
- Leiar og nestleiar skal vere menn, og har eit hyrdeansvar for forsamlinga.
- Kasserarfunksjonen kan, viss styret og/eller årsmøtet finn det tenleg, utførast av eit forsamlingsmedlem som ikkje er styremedlem. Ved ei slik ordning skal kasseraren alltid innkallast når styret handsamar økonomiske saker.
- Styremedlemmene blir valde for to år. I tillegg skal det vere to varamedlemmer som blir valde for eitt år om gongen.
- Styret konstituerer seg sjølv for eitt år om gongen. Fyrste varamedlem møter fast på styremøta.

6.2.

Styret har ansvar for å leie arbeidet i samsvar med grunnreglane for NLM, og etter dei strategiar og vedtak som vert fatta i årsmøte, regionsmøte, generalforsamling og hovudstyre.

6.3

Styret er ansvarleg for at dei pengane som blir samla inn til misjonen, blir forvalta og underlagt ei rekneskapsføring som er i samsvar med gjeldande økonomireglement fastsett av hovudstyret.

6.4

I tillegg til desse lovane kan styret førebu - og årsmøtet vedta - meir detaljerte retningslinjer for organisasjonsstrukturen og arbeidet i misjonsforsamlinga.

6.5

Styret kan opprette underkomitear etter behov.

§7.0 Styreleiaren

Styret sin leiar har eit særleg ansvar. Det betyr at han:

- Set opp sakliste, kallar inn til og leier styremøta
- Tek vare på og utviklar samhaldet i styret
- Legg til rette for at den einskilde i styret får høve til å bruke si naturlege utrustning og den nådegåva Gud har gjeve
- Har ansvar for at det blir ført protokoll frå styremøta og at vedtak blir sette ut i livet

§ 8.0 Kasseraren

Kasseraren skal blant anna:

- Føre rekneskapet på forskriftsmessig vis eller sikre at dette blir gjort
- Sørge for kvitterte bilag på alle inn- og utgiftsførte summar
- Overføre pengar til regionskassen eller sørge for at dette blir gjort når styret har gjort vedtak om det.
- Halde styret oppdatert om økonomien
- Sørge for at rekneskapet blir revidert før årsmøtet

§ 9.0 Valnemnda

- Misjonsforsamlinga si valnemnd har 3 medlemmer.
- Medlemmene blir valde for 3 år om gongen.
- Kwart år blir eitt medlem skifta ut.
- Valnemnda foreslår kandidatar til styret i misjonsforsamlinga og til bedehusstyret.
- Styret fremmar forslag til årsmøtet om nye kandidatar til valnemnda.

§ 10.0 Endring av lovane

10.1

Desse lovane kan endrast på årsmøtet med 2/3 fleirtal når forslaget er innsendt til styret minst to månadar før årsmøtet. Paragrafane 2.0 og 3.1 kan ikkje endrast av misjonsforsamlinga, med mindre regionstyret, hovudstyret eller generalsforsamlinga i NLM opnar for det.

10.2 Endring av misjonsforsamlinga sine lover må ikkje komme i strid med grunnreglane for Norsk Luthersk Misjonssamband.